

Delte ut gåver på 6,2 mill. på vel halvannen time.

20.11.2019



Fornøgte gåvemottakarar frå Uskedalen. Janne Yri og Anette Sund tok mot gåva til Fjelly medan Kjell Yri var blant mottakarane til turlaget.

Uskedal Utvikling (190.000 kr) og Uskedal ungdomslag ved hytta Fjelly(25.000 kr) var dei to Uskedalslaga som mottok gåver då Sparebankstiftinga Kvinnherad hadde haustens store gåvedryss i Kulturhuset Husnes i kveld. I tillegg vil uskedelinger ha glede av tildelingar til lag som ikkje er reine Uskedalslag.



Egil Myhre tar mot gáva til Uskedal utvikling av Gunnar Våge.

Styreleiar Svein Arne Eidsvik i Sparebankstiftinga kunne opplysa at dei hadde fått inn heile 182 søknader, og at det var 69 lag og organisasjonar som vart tildelt gáver i denne runden. På Husnes var det 50 heldige mottakarar medan dei tidlegare hadde hatt utdelingar i Odda(9) og på Stord(10).

På Husnes vart det delt ut 6,2 mill, og saman med Odda og Stord vart det i denne runden delt ut 7 350 000 kroner. Til no har stiftinga gjeve gáver på tilsaman 90 602 137 kroner etter første tildelinga i 2011.

Tildelinga til Uskedal Utvikling skal brukast til handicap-toalett i hovudetasjen i Gamleskulen, medan tildelinga til Fjelly skal gjera vedhogsten på hytta lettare. Dei 25.000 kronene skal brukast til utstyr som motorsag og vedkløyvar.

Svein Arne Eidsvik sa også at stiftinga framover vil vurdere å gje støtte til lag som vil setja inn tiltak slik at kostnaden med aktivitetane ikkje skal hindra barn frå familiar med dårleg råd til å delta. Han fortalde også at dei hadde tildelt Brøddamo 50.000 kr for at det skulle brukast til matkorger til familiar i Kvinnherad som treng det, i samband med jul og nyttår.

Desse vart tildelt gáver på 100.000 eller meir:

- Hatlestrand og Ølve skyttarlag(Utstyr til skytetrening): 100.000
- Kvinnherad frivilligsentral(BUO-utstyrsentral): 400.000
- Kvinnherad turlag(Prosjekt Fonnabu): 200.000
- Omvikdalen ungdomslag(Oppgradering av festsal oppe): 100.000
- IL Ternen(Utskifting av ljós, ljósløype-Tveitedalen skisenter): 300.000
- Herøysund idrettslag(Oppgradering av idrettsanlegg og klubbhus): 380.000
- Intr.laget galeas Gurine(Restaureringsarbeidet, Gurine): 200.000
- Rosendal rideklubb(ATV til slodding av ridebanar): 100.000

- Omvikdalen ungdomslag(Tilrettelegging for handikappa): 150.000
- Baroniet Rosendal DWR(Formidling av vengebåtar og vogner v Baroniet): 275.000
- Kvinnherad golfklubb(Garasje for maskinar og utstyr): 400.000
- Valedamene(Oppgradering av Valen bygdahus): 330.000
- Rosendal Musikklag(Fornyng av instrument): 120.000
- IL Strand-Ulv(Styrkerom): 200.000
- Halsnøy kulturhus velforening(Renovering av Halsnøy storstove): 450.000
- Rosendalstiftinga(Garderobetilbygg i Steinparken): 350.000
- HVØ-pensjonistlag(Nye bord og stolar): 125.000
- Åkra bygdalag(Stolar til bygdahuset): 100.000
- Strand-Ulv Hallen AS(Tak-reperasjon): 440.000

Mange store, fine og viktige gåver som vil skapa verdfull aktivitet. Likevel synes vi varaordførar Hilde Enstad hadde gjort ein god observasjon. Då ho helsa frå kommunen sa ho mellom anna at ho hadde merkt seg gåva på 10.000 kroner som Omvikdalen bygdekvinnelag mottok til Jentehobbyklubben dei no har drive i fleire år. Grethe Brundtland som mottok prisen kunne fortelja at 40-50 kvinner, ikkje alle på ein gong rett nok, og dei fleste med innvandrarbakgrunn hadde glede av dette arbeidet.

-Det er ikkje alltid den store summen som skal til for å gjera den store forskjelen, sa varaordføraren om det framifrå tiltaket som altså fekk 10.000.

Det var styremedlemene i stiftinga som stod for overrekkinga av gåvene. Mellom dei er Magnhild Haugland frå Uskedalen.



Desse blide damene er blant dei som gjer ein flott innsats for ungdomslagshytta Fjelly.

Avslutningsvis kunne Svein Arne Eidsvik fortelja at styret har att opptil 10 mill., og ein skulle ikkje sjå vekk frå at styret ville gje ein eller fleire tildelingar før neste søknadsrunde til våren. Han sa også at det er sansynleg at dei ville passera 100 mill. i gåver våren 2020.

Tekst, foto og nett: Thor inge Døssland.